

Felles FoU-eining for samhandling (FOUSAM)

Avtale mellom X kommune og Helse Fonna HF

Innhold

1. Partar.....	3
2. Bakgrunn og lovgrunnlag.....	3
2.1. Avtalen byggjer på.....	3
3. Formål og virkeområde.....	3
4. Felles FoU eining for samhandling.....	3
5. Partane sine plikter etter avtalen.....	4
6. Fakturering.....	4
7. Iverksetjing, revisjon og oppseiing.....	4
8. Signering av avtalen.....	4

1. Partar

Avtalen er inngått mellom X kommune og Helse Fonna HF

2. Bakgrunn og lovgrunnlag

Helseføretak og kommunar har inngått forpliktande samarbeidsavtalar i tråd med nasjonale føringar. Avtalane skal leggje til rette for utvikling av felles tiltak for å styrkje kunnskap, kompetansebygging, forskning og innovasjon som støttar intensjonane i nasjonale føringar. For å bidra til dette vert gjort på ein god måte, er det inngått avtale om drift av felles FoU-eining for samhandling (FOUSAM).

2.1. Avtalen byggjer på

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m (LOV-2011-06-24-30)
- Lov om spesialisthelsetenester (LOV-1999-07-02-61)
- Lov om psykisk helsevern (LOV-1999-07-02-62)
- Overordna samarbeidsavtale mellom Helse Fonna og kommunane med tenesteavtalar
- Nasjonal rettleiar: Samhandlingsreforma — Lovpålagde samarbeidsavtalar mellom kommunar og regionale helseføretak / helseføretak (HOD)
- Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023 (Meld. St. 7 (2019-2020))
- Avtale mellom regjeringen og KS om innføring av helsefellesskap for å skape en mer sammenhengende helse- og omsorgstjeneste (HOD 2019)
- Anna relevant regelverk

Opplistinga er ikkje uttømmende.

3. Føremål og virkeområde

Denne avtalen har som føremål å leggje til rette for felles tiltak for å styrkje samarbeidet om kompetansebygging, forskning, utvikling og innovasjon. Avtalen skal bidra til betre samhandling om utvikling av koordinerte pasientforløp og gi gode tenester til brukarar/pasientar.

Avtalen sitt virkeområde vil gjelde alle pasient- og brukargrupper som er felles for helseføretak og kommunar.

4. Felles FoU-eining for samhandling

Partane er samde om å ha ei felles FoU-eining for samhandling (FOUSAM).

Sentrale arbeidsområde for FOUSAM er å ivareta rolla som SU sitt utøvande organ ved følgja opp samarbeidsavtalane i praksis, gi støtte til oppfølging av samhandlingsprosjekt, koordinera og følgja opp faglege nettverk, byggja kompetanse og utveksla erfaringar og sikre informasjon til partane mellom anna ved eiga nettside. Eininga føl opp saker og rapporterer til Samhandlingsutvalet. Samhandlingsutvalet utarbeidar mandat for FOUSAM og er styringsgruppe for eininga. Leiar for FOUSAM vert tilsett i ein av dei største kommunane. Representantar frå Samhandlingsutvalet skal vera med i tilsettingsprosessen og gi uttale før tilsetting vert gjort.

5. Partane sine plikter etter avtalen

Partane forpliktar seg til å delta i vidareutvikling av FOUSAM, inkludert felles nettstad for samhandling.

- Kommunane skal bidra med kr 5,- pr. innbyggjar pr år til drift av FOUSAM
- Føretaket skal bidra med tilsvarende sum i form av tilsette/faglege ressursar/kommunikasjonsfagleg støtte.
- Vertskommunen har ansvar for drift av eininga —med dette ansvar for felles kontor, møterom og administrative tenester som rekneskapsføring, fakturering, IKT støtte og arbeidsgjevaransvar der frikjøp frå partane ikkje er mogeleg.

6. Fakturering

Vertskommunen fakturerer partane sine økonomiske plikter etter avtalen.

7. Iverksetjing, revisjon og oppseiing

Avtalen gjeld frå 01.07.2020 og fram til partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist.

8. Signering av avtalen

Avtalen skal signerast av begge partar.

Dato:

Dato: 29.10.20

For kommune:

For Helse Fonna HF:

Signatur



Olav Klausen
Administrerende direktør